

200904547-28
KSK/DKJ
312

Jon Reidar Nordal
6140 Syvde.

Syvde den 3.juni 2013

Protest mot flytting av rørgate og kraftstasjon i nytt planutkast for Tenneelva kraftverk i Nordal i Vanylven kommune.

Til NVE ved seniorrådgjevar Dag Kjellevoid.

Den 28.5.2013 vart eg via E-post gjort kjent med at planleggaren har flytta delar av rørgata for kraftverket over til sørsida av Tenneelva og dermed inn i rasfarleg område. Dette set oss som bur like nedafor enden av rørgata i livsfare. Eit brot på rørgata her kan få alvorlege konsekvensar.

På etterjulsvinteren i 1970 losna eit stort snøskred like under toppen av Tennehornet, Det reiv med seg store mengder skog og kjempestore jordfaste steinar og raserte høgspentlyna som kryssar området. Enden på raset stogga ca. 40m ovafor der det nye bustadhuset til Steinar Arne Nordal ligg i dag. Vi kan enno i dag sjå skogkantane på begge sider av rasområdet. Dei vitnar om alvoret i rasfaren her.

Dette raset kom søndag i middagstida. Eg stod ved kjøkenvindaugget og såg raset kome. Det siste eg såg var snødrivet som kløyvde seg på det eldste og då det einaste bustadhuset i tunet til Steinar Arne Nordal, før snødrivet la seg over vindauga i huset vårt, slik at det vart mørkt inne. Mor sprang til telefonen og ringde til Gardsgarden for å høyre om alt var vel med dei som budde der. Vi frykta at borna kunne vere ute og leike i snøen. Til alt hell hadde alle vore inne då raset kom. Eg kan hugse at snøhaugane etter raset låg att der kraftstasjonen først vart planlagd, til langt ut på sommaren.

Foreldra til Steinar Arne Nordal var då iferd med å planlegge nytt våningshus på garden, men fekk ikkje godkjenning for bygget før eit betydeleg fonnvern var planlagt og fullført. Det er lett synleg i terrenget i dag. Den rørgatetrasse som var inntekna på kartet som var utlagd til offentleg gjennomsyn våren 2013, låg i ly av dette fonnvernet. Berre eit ubetydeleg påbygg av dette fonnvernet ville gje ly også for den planlagde kraftstasjonen.

Utan ein einaste kritisk merknad har planleggaren teikna inn den nye rørgatetrasse tvers gjennom rasområdet og ned til Bruelva, der han vil føre utløpet frå kraftstasjonen over i Bruelva oppstraums Sætrevasskloppa. Lysopninga på bruløpet her har ved 2 høve vorte betydeleg innskrenka. Midt på 1960-talet støypte dei nye brukar på innsida av dei gamle og vende bruløpet betydeleg meir i retning min eigedom på vestsida av elva. Eg viser vidare til planen frå NVE frå 2008: Tiltak i vassdrag. Sandfjellelva og Bruelva. Erosjonssikring og gjenoppretting av flaumløp. Saksnr:200702924. Vassdragsnr:093. Arkiv 411. Inngreppnr:10524 signert Inge Lavoll.


Under arbeidet med denne planen var det ei stund på tale å lage eit ekstra flaumløp ved sida av Sætrevasskloppa for å ta unna flaumvatnet, men det vart ikkje med i den endelege planen.

Det får stå for NVE si rekning, men å føre utløpsvatnet frå Tenneelva kraftverk ut i Bruelva ovafor Sætrevasskloppa kan ikkje akseptrast. Her må det gravast nytt løp gjennom snuplassen på vegen og dit utløpet av Tenneelva i dag renn ut i Bruelva.

Representanten frå miljøavdelinga var bekymra for nedbygging av beitemark med "typisk geitepreg", kva han no måtte meine med det. Her har ikkje vore geiter sidan Steinar Arne Nordal avvikla geitebuskapen. Geir Nordal har geitene sine lenger nede i dalen. Eg kan ikkje sjå at tomt til kraftstasjonen her skal ha nemneverdig innverknad på beiteområdet. Derimot syns eg det var merkeleg at han ikkje ytra bekymring for at forlenginga av rørgata over G.nr. 85 Tverberg berører ein gamal buplass, nemleg buplassen til Snippe-Brite på Tryftevollen.

Denne endringa av planen med flytting av rørgata til sørsida av Tenneelva og forlenging av rørgata gjennom rasfarleg område og utløp frå kraftstasjonen til Bruelva ovafor Sætrevasskloppa har skapt frykt hos meg og mi næraste familie. Verdien av eigedomen vår vert betydeleg forringa. Dersom planen vert tvinga gjennom slik han ligg føre, lyt vi gå vegen om rettsapparatet for om mogleg å forhindre det. Vi veit at det kan ta tid. Så spørs det om uybyggarselskapet har tid å vente på den rettsavgjerda.

Med helsing Jon Reidar Nordal (eigar av G.nr.86, br.nr 5 og 18 i Vanylven)

A handwritten signature in black ink, reading "Jon Reidar Nordal". The signature is written in a cursive, flowing style with a long horizontal stroke at the end.